



Notat

Dato: 27.08.2014
Arkivsak: 2014/18994-4
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Nils E Grude

Høyring av utkast til ny lospliktføreskrift og endring av føreskriftene under losloven

På vegne av Samferdselsdepartementet har Kystverket sendt ut på høyring forslag til ny føreskrift om losplikt og bruk av farleibevis (ny lospliktføreskrift), og forslag til fleire endringsføreskrifter. Som det går fram av vedlagte brev frå Kystverket er forslaga i hovudsak ei oppfølging av tilrådingar som vart lagt fram i NOU 2013, nr 8; «Samferdselsdepartementets vurderinger i meldingsdelen av Prop. 65 L (2013-2014)», og i forslaget i sjølve proposisjonen til ny lov om losordninga.

Ny lospliktføreskrift og endringar i eksisterande føreskrifter under losloven skal tre i kraft frå 1. januar 2015, samstundes som den nye losloven trer i kraft. Heile utkastet til lospliktføreskrift, merknader til lospliktføreskrifta, eit informasjonsdokument som viser endringar i høve til gjeldande lospliktføreskrift og utkast til endringsføreskrifter er lagt ut på www.kystverket.no. Fylkeskommunen har frist til å sende inn høyringar til lospliktføreskriftene og endring av føreskrifter under losloven innan 5. oktober 2014.

Fylkesrådmannen viser til at losloven og lospliktføresegner er eit saksområde som i liten grad vedkjem Hordaland fylkeskommune sitt ansvars- og virkeområde og ser det difor ikkje som aktuelt å sende inn merknader til det utsendte høyringsforslaget.

Vedlegg

- 1 Høring av utkast til nye og endrede forskrifter under losloven

